



Kjell Helgesen  
Slettevikvegen 62  
5124 MORVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3082 - 15/21987

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
09.12.2015

## Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje på gbnr 42/63 og 94

**Administrativt vedtak. Saknr: 433/2015**

### **SAKSUTGREIING:**

#### Tiltak:

Kjell Helgesen har søkt om løyve til oppføring av garasje på ein etasje med ei grunnflate på 33,6 m<sup>2</sup> på gbnr 42/63 og 94 i Meland kommune. Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 26.11.2015 i sin heilskap.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 10.11.2015 i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket.

Tiltaket skal plasserast 0 meter frå eigedomsgrense. Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 42/73 om løyve til å plassera garasje nærmare felles grense enn 4 meter, i samsvar med innsendt situasjonskart.

#### Plan- og lovgrunnlag:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som noverande fritidsbebyggelse. Oppføring av garasje er i samsvar med arealformålet i kommuneplanen og § 2.1.1 i føresegnen i KPA.

#### Utforming, utsjånd, utnytting, plassering, høgde og avstand til nabogrenser:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Omsøkte eigedommar er på til saman 2374 m<sup>2</sup>. Tiltaket stettar KPA sine krav om utforming, maksimalutnytting m.m. Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart stempla godkjent 9.12.2015 og oppførast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar stempla godkjent same dato.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket vert vidare vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til høgde og avstand frå omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4 og dei rammar som elles er sett for tiltaket i gjeldande kommuneplan.

Tiltaket skal plasserast 0 meter frå eigedomsgrense.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-4 løyve til oppføring av garasje på 33,6 m<sup>2</sup> på gbnr 42/63 og 94 på Eikeland, jf søknad journalført 26.11.2015.

Plassering av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 9.12.2015 og med eit toleransekrav toleransekrav i vertikalt plan på +/- 20 cm, jf vedlagt situasjonsplan og snitteikningar stempla godkjent 31.8.2015. For utforming av tiltaket elles vert det vist til vurderinga over og vedlagte plan- og fasadeteikningar stempla godkjent same dato.

Dei opplysninga om bygetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

godkjente\_teikningar426394  
godkjente\_teikningar4263og94

**Mottakere:**

Kjell Helgesen

Slettevikvegen 62 5124

MORVIK